



Det samfunnsvitenskaplege fakultet  
Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet  
Det medisinske fakultet  
Det humanistiske fakultet  
Det juridiske fakultet  
Det psykologiske fakultet  
Fakultet for kunst, musikk og design

Referanse

2018/13454-HEBJ

Dato

14.11.2018

## Utlysing Erasmus Mundus Joint Master Degree 2019

Europakommisjonen har lyst ut Erasmus+ Key Action 1 for 2019/2020. Utlysinga opnar mellom anna for søknad om støtte til Erasmus Mundus Joint Master Degrees.

Eit konsortium må bestå av minimum tre høgare utdanningsinstitusjonar frå tre programland. Institusjonar frå partnerland kan delta dersom deltakinga deira styrkar den faglege kvaliteten i programmet. Samarbeid med andre typar institusjonar, f eks innanfor næringsliv, er sterkt tilrådd.

Konsortier kan få støtte til fire studentopptak og eitt førebuande år. Programmet må utgjere 60, 90 eller 120 ECTS og skal vere eit felles utvikla program som helst skal dokumenterast med eit felles vitnemål (Joint Degree).

Utvalde prosjekt vil få støtte til drift på 50.000€ og til minst 15 studentstipend per opptak.

Søknadsfrist er 14.februar 2019. Det er koordinator for konsortiet som skal levere inn søknaden.

Vi ber fagmiljø som deltar i samarbeid som kan leie fram til søknad om å kontakte Studieadministrativ avdeling (SA). SA kan gi administrativ støtte i arbeidet med å opprette ein fellesgrad.

I samband med søknadsprosessen til EMJMD blir det kravd eit "Letter of Intent" frå alle partnerinstitusjonane i eit konsortium. Dette skal underskrivast av institusjonens

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

"legal representative" /rektor og er ei stadfesting at institusjonen vil delta på ein forpliktande måte i samarbeidet.

- **Letter of Intent:**

Fakultetet sender brev til SA innan **1. februar 2019**. Brevet må ha følgjande vedlegg:

- Vedtak frå fakultetet om at JMD søknaden blir støtta
- Utkast til studieplan (etter gjeldande mal)
- Utkast til JMD søknad
- Utkast til Letter of Intent (konsortiet kan ha eigen versjon)

SA ber om rektor si underskrift og sender "Letter of Intent" vidare slik fagmiljøet ønskjer det.

SA minner om UiB sine retningsliner for opprætting av fellesgrader slik det går fram i «Veiledning for utvikling og drift av fellesgrader» (vedlegg).

SA ber fakulteta informere institutt/fagmiljø om ordninga.

Venleg helsing

Christen Soleim  
avdelingsdirektør

Nina Gry Stein  
senksjonsleiar